

## Kven kan ta kontakt med demenskoordinator ?

Alle som bur eller oppheld seg i Etne kommune kan ta kontakt, dette gjeld både personar med demens, deira pårørende og vener.

Ein kan også ta kontakt om ein er uroa for om ein sjølv eller nokon rundt ein har fått demenssjukdom.

Ein treng ikkje henvisning eller søknad for å kontakte demenskoordinator.

## DEMENSKOORDINATOR I ETNE KOMMUNE ER SJUKEPLEIAR HANNE GRAVELSÆTER ØVERNES

**Demenskoordinator har kontortid  
kvar mandag, onsdag  
og fredag.**

**Telefon: 915 52 949 / 53 75 81 57 /  
53758140**

**E-post:**

**Hanne.Overnes@etne.kommune.no**

## Demenskoordinator i Etne Kommune



*Eit tilbod til deg og dine pårørende når det har oppstått eit problem med hukommelsen.*

## Teikn på demens

- Endring i hukommelsen, som påverkar dagleglivet
- - Vanskar med å planleggje og utføre daglegdagse oppgåver
- Språkproblem, ord blir borte, bytta ut eller brukt feil
- Desorientert for tid og stad. Vanskar med å orientere seg.
- Svevka dømekraft
- Problem med abstrakt tenking. Handtering av pengar kan verte vanskeleg.
- Feilplassering av ting
- Forandringar i humøret
- Endra personlegdom. Tilbaketrekking, avhengig av andre.
- Passivitet

Dersom du sjølv eller nokon som står deg nær, har ein eller fleire av symptoma. Er det viktig å søkje hjelp slik at ein kan starte utredning på eit tidleg stadium.

Ved utgreiing av demens må ein gjere fleire undersøkingar som t.d kognitive kartleggingstestar, blodprøvar og røntgen. Dette for å kunne utelukke andre tilstandar som kan gi kortvarige demensliknande symptom.

## Kva kan demenskoordinator hjelpe deg med?

- Heimebesøk, der ein utfører kartlegging og utgreiing ved mistanke om demens, i samarbeid med legetenesta
- Samtale og informasjon til brukar og pårørande
- Oppfølging i heimen / Tiltakspakke demens
- Samtalegruppe eller individuell oppfølging av pårørande
- Individuell plan
- Koordinere tenestene
- Informasjon om tenestetilbod, eventuelt hjelp til ulike søknadar